

KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET  
Postboks 8112 DEP

0032 OSLO

Vår dato: 03.01.2023

Vår ref: 2022/6

Dykkar ref:

## **NOU 2022: Inntektssystemet for kommunene - Høring**

Høringssvar frå Stord kommune:

Stord kommune stiller seg bak forslaget om eit meir omfordelende inntektssystem som gjev kommunane likeverdig moglegheit til å tilby lovpålagde tenester til innbyggjarane.

Stord kommune har elles følgjande innspel til høyringsforslaget:

- Dagens inntektssystem kompensere ikkje kommunar som har regionsenterfunksjonar. Det er ein mangel at det heller ikkje vert lagt opp til dette i framlegget til nytt system, då Stord og andre regionsenter med det ikkje vert kompenserte for faktiske utgifter.
- Ei anna utfordring for Stord, er at kommunen ikkje får skatteinntektene for store delar av den verdiskapinga som skjer i kommunen. Nokre av verksemdene har forretningsadresse og eigarar som skattar til andre kommunar. Verksemdene har og mange innleigde arbeidstakarar frå andre kommunar/land som ikkje skattar til kommunen. Eit forslag til nytt skattesystem må ta opp i seg desse forholda.
- Generelt meiner Stord kommune at utgiftsutjamninga må ta omsyn til kva kostnaden er knytt til. Dette vil til dømes for barnehage vera tal born og tal born med spesielle behov. For grunnskulen vil det vera tal elevar, tal elevar med spesielle behov og elevar med anna morsmål enn norsk.
- Eit av punkta som er noko uklar, er finansieringsordning for ressurskrevjande tenester. Kommunane opplever at staten mest årvisst set ordninga under

press, og me ser at utvalet i framlegg til nytt system ikkje er konkret med omsyn til kva effekt kompensasjonen av dokumenterte kostnader vil få. Stord kommune har store kostnader med ressurskrevjande tenester. Det er uråd å forholde seg til eit forslag der dette heilt sentrale spørsmålet framleis heng i lufta.

Med helsing

Gaute Epland  
Ordførar

Mariann Jacobsen Hilt  
Fungerande rådmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

